



Bakgrunn

Oppgåva med å lage aktivitetsplan/arbeidsplan er omtalt i følgjande dokument:

- Prosjektplanen for Nordfjord vassområde 2016 – 2021, avsnitt 4.3 Prosjektleiar / sekretær: *Utarbeide arbeidsplan med budsjett og årsmelding til vassområde i samarbeid med prosjektgruppa.*
- Nordfjord vassområdeutval sak 2-2016 (22. april 2016): *Prosjektgruppa sine oppgåver vil mellom anna vere ... Utarbeide framlegg til årlege aktivitetsplanar for vassområdet ...*

Prosjektleiar har i samråd med prosjektgruppa (møte 15.02.2018) utarbeidd Aktivitetsplan for 2018.

Rapportering av tiltaksgjennomføring 1. planperiode (2016-21)

Innan 1. juli skal kommunane rapportere status for gjennomføring av tiltak etter tiltaksprogrammet 2016 - 2021 til prosjektleiar for vassområdet (jamfør handlingsprogrammet for arbeid med vassforvaltningsplanen og brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 13.03.2018). Dersom tiltak ikkje blir gjennomført skal dette grunngjevast.

Prosjektleiarar / vassområdekoordinatorar har i oppgåve frå Miljødirektoratet å oppdatere vann-nett med omsyn til kommunale tiltak innan 1. september 2018.

Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget til 2. planperiode (2022-27)

Fylkesmannen har i oppdrag frå Miljødirektoratet å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i vann-nett innan 1.7.2018. Tilstand, risiko, påverknader og påverknadsgrad skal då rettast opp på grunnlag av ny kunnskap, mellom anna overvaking som er utført etter 2015. Prosjektleiar vil delta på arbeidsmøte inntil 2 dagar i samband med dette.

For å bidra til dette er kommunane oppfordra om å sende data frå eigne overvakingar av vassførekomstar til prosjektleiar eller Fylkesmannen for import i Miljødirektoratets database vannmiljø. Data frå overvaking i regi av vassområdet syt prosjektleiar for å legge inn. Problemkartlegging av utvalde vassførekomstar i Nordfjord 2014 er også eit bidrag til kunnskapsgrunnlaget.

Det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget vil vise kva for vassførekomstar som ikkje oppfyller miljømåla. På bakgrunn av det skal i neste omgang sektorstyresmaktene, mellom anna kommunane, vurdere behov for nye tiltak innfor sine ansvarsområde. Dette inneber at for vassdrag som er ureina med næringsstoff, skal kommunane spele inn tiltak innanfor kommunale avløp, separate private avløp,

Nordfjord vassområde



punktkjelder eller arealavrenning frå landbruket, eller ein kombinasjon av desse, eventuelt fleire kjelder.

Ei stor oppgåve for kommunane i 2018 er såleis å finne ut kor problema ligg når det gjeld til dømes næringsstoffpåverka elvar. Framgangsmåten kan vere gjennomgang av eksisterande kunnskap (til dømes oversikt over slamavskiljarar, punktkjelder, arealbruk i jordbruket), synfaringar, tilsyn, analyse av næringsstofftilførsel med meir.

Overvaking

Det er gjennomført overvaking i regi av Nordfjord vassområde i 2013, 2016 og 2017, med vassprøver på 4 tidspunkt per år, prøver av begroingsalgar i 2016 og 2017, samt botndyrprøver i 2017.

Fylkesmannen, prosjektleiar og kommunane har vurdert resultatane. Forslaget til framhald i 2018 (tabellen nedanfor) baserer seg på desse vurderingane samt på innspel frå Rådgivende biologer AS om ta vassprøver i 2 elvemusling-vassdrag (Selje og Vågsøy).

Kommune	Vassprøver 2017	Begroing / botndyr 2016-17	Vassprøver 2018 1-4 tidsp.	Vassprøver 2018 12 tidsp.	Innsjø undersøking 2018
Vågsøy	1	1	2		
Selje	1		2		
Bremanger	5		5		
Eid	8	1	7		
Hornindal	3	1	2		1
Stryn	9		1		
Gloppen	8	1	5	1	1
Jølster	2	1			6
Sum	37		24	1	8

(Tabellen angir tal vassførekomstar)

Opplegget kan justerast fortløpande på bakgrunn av økonomi og resultat under vegs i 2018, etter dialog med kommunane og Fylkesmannen sin miljøvernavdeling. I tillegg er det aktuelt at kommunane tar vassprøver for å påvise kjelder til ureining, til dømes spreidde avløp og punktkjelder i landbruket.

Vassprøver som regel 4 gonger (vår, førsommar, ettersommar, haust). Kommunane syt for sjølve prøvetakinga i felt for eigen kostnad. Analysekostnadene vert dekkja av prosjektmidlar som vassområdet disponerer (finansiert av kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen). Fylkeskommunen har rammeavtale med VestfoldLAB om analysar.

Det er venta tilskot frå Fylkesmannen i 2018 til undersøking av innsjøar på 192 000 kr.

Nordfjord vassområde



Synfaringar

Prosjektlear vil vere tilgjengeleg for planlegging og gjennomføring av synfaringar for å vurdere tilstand og finne kjelder til ureining, samt for å hente inn lokal kunnskap frå grunneigarar og eventuelle lag og organisasjonar med fleire. Det er kommunane som best kan vurdere behov for synfaringar, velje målgruppe / deltakarar og invitere desse.

Temagrupper

Det er ei målsetting å halde fram samarbeidet i temagrupper / temamøte, innanfor avløp og jordbruk, for tettare involvering av kommunalt tilsette i arbeidet med vassforskrifta.

Kunnskapsinnhenting - fysiske endringar i elvar

Nordfjord vassområde har saman med Sunnfjord vassområde fått 260 000 i tilskot frå Miljødirektoratet for å auke kunnskapsgrunnlaget vedkomande fysisk påverknad av elvar i form av forbygging, kanalisering m.m.

Av desse midlane er 50 000 brukt i 2017 i konsulentoppdrag for å sjå nærare på effekten av forbyggingar i Jølstra og Angedalselva i Sunnfjord vassområde. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil på vegne av vassområda leige konsulent til liknande undersøkingar i fleire elvar i 2018. Det er i budsjett sett av 500 000 frå Nordfjord vassområde til dette.

Kunnskapsinnhenting – kommunale vegar som vandringshinder

Kjøp av konsulentteneste for å skaffe oversikt over kommunale vegar som fungerer som fiskevandringshinder. Det er i budsjett sett av 300 000 frå Nordfjord vassområde til dette.